



Sokneprest Sven Harald Nilsen held messe på Skorpo sist sommar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Til veka skal saka om prestetenesta i Uskedalen sokn opp til avgjerd i bispedømmerådet. Det opplyser sokneprest Sven Harald Nilsen til uskedalen.no. Sokneråda og soknemøtene har no gjeve uttale og slutta seg samrøystes til framlegget frå bispedømmerådet om nyordninga.

Den går ut på å omgjera kapellanstillinga i Husnes og Holmedal sokn til sokneprest i Uskedalen med Husnes og Holmedal sokn og Uskedalen sokn som tenestestad og med Sunnhordland prosti som tenestedistrikt. Stillinga får buplikt i tenestebustaden på Valen.

Soknemøtet i Uskedalen vedtok dette slik det står, medan soknemøtet for Husnes og Holmedal la inn fleire premissar om innhaldet i tenesta til den nye soknepresten..

Av Ola Matti Mathisen..